

# ÅRSMELDING



## ARBEID OG INKLUDERING



Kveik AS sitt hovudvirke er arbeid og inkludering som det har vore i alle år. Me har tatt del i ei stor utvikling og endring i marknaden, med stadig nye tilpassingar for å levere etter venta kvalitet.

Kvalitet og resultatkrav er det som er rådande og viktig i marknaden i dag. Det å kunne levere tenester etter dei krav som vert venta frå våre kundar.

Våre kundar er mange og dei er ulike. Me skal levere tiltakstenester som krev høg kompetanse hjå våre jobbkonsulentar og arbeidsleiarar. Me leverer ulik type produksjon frå mat til trearbeid som også krev høg grad av kvalitet og ikkje minst krav til kunnskap og kompetanse hjå våre tilsette på alle nivå.

Kveik AS leverer desse tenestene etter dei krav som er i marknaden og me har ei solid og godt kvalifisert personalgruppe, som gjennom året gjer eit svært godt arbeide. Kveik AS har ved årsskifte 19 ordinært tilsette og 17,2 årsverk.

Kveik AS har hatt mange og store prosjekt i eigen organisasjon i inneverande år. Me har etablert kafé på Vangen, Kveik Kafé, som opna i august 2017.

Me har avvikla vår avdeling i Lekvemoen etter 37 år og flytta desse avdelingane opp til Bryn i september 2017. Her er me no etablert i to hus, som har vorte omfattande ombygd i løpet av 2017.

Me er svært nøgd med våre nye lokale og det å ha kome i same tun med store delar av verksemda.

Med gode utbyggjarar og samarbeidspartar har dette gått framifrå, og etter tidsplanane.

Eit hektisk men vel gjennomført år, der deltakarane som alle andre år, har vore fyrsteprioritet og såleis vel ivaretatt.

Turid K. Midthun

## STRATEGISK ARBEID

### **Kveik sin visjon er**

**«å verta den viktigaste arbeidskrafta i lokalsamfunnet»**

### **Formål**

**«Med ein inkluderande og open kultur skal me skapa eit grunnlag for attføring av arbeidstakarar. Me skal etablere berekraftige tiltaksplassar, slik at alle samfunnsbevisste aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn ser verdien av vårt arbeid.»**

### **Som medarbeidar er vårt verdigrunnlag å vera:**

- Samfunnsengasjerte
- omstillingsdyktige
- humørfylte

## Leiarprinsipp

### *Utvikling – kommunikasjon – kultur*

- Me skal gje handlefridom til utvikling
- Me skal vera tydeleg i kommunikasjonen og utøve god kommunikasjonsflyt
- Me skal fremja ein god bedriftskultur

### **Retningslinjer for kvalitet**

Kveik sitt mål er å optimalisera og vera ein pådrivar for effektivitet og kvalitet. Kvar og ein skal syta for at arbeidet ein gjer er tufta på dei retningslinjer og prosedyrar som er i kvalitetssystemet.

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2017

Kveik AS er ei arbeids- og inkluderingsverksemd på Voss. Vårt hovudområde er å formidla arbeidstakarar til ordinært arbeidsliv. Kveik AS har 23 tiltaksplassar i tiltaket arbeidsførebuande trening og 26 varig tilrettelagte arbeidsplassar. Me samarbeidar med arbeids og inkluderingsverksemda A2G i Bergen, der me leverer tenester innan fire ulike arbeidsretta tiltak. Utover dette tilbyr me kartlegging og kompetanseutvikling av lærlingar og lærekandidatar. Kveik har i tillegg ein variert produksjon, som omfattar ei tre- og monteringsavdeling samt reinhalds- og vaktmeistertenester. Kveik AS har i mange år drive med catering. Me er godkjent lærebedrift og ynskjer å vekse innan matfaget. I 2017 opna me Kveik Kafé på Vangen. I tillegg driftar me fleire personalkantiner. Kveik AS har 18 fast tilsette.

Selskapet har forretningsadresse i Voss kommune.

Etter styret sin meining gjev den framlagte årsrekneskapen som består av resultatregnskap, balanse og noter rettvise informasjon om årets drift i 2017 og selskapet sin økonomiske stilling per. 31.12.2017.

Styret har handsama utkast til årsrekneskap for 2017, som er gjort opp med eit årsresultat på kr 447.251. Årets resultat vert tilført annan eigenkapital. Eigenkapital er sett til kr 12.660.384,-

Styret er av den oppfatning at føresetnad for framleis drift er til stades. Årsrekneskapen er sett opp under den føresetnad.

Det er seks menn og tolv kvinner tilsett i Kveik AS. Sjukefråværet i 2017 var 12,2% for menn og 3,0 % for kvinner. Det høge sjukefråværet for menn skuldast langtidssjukemelding på enkeltpersonar.

Styret si oppfatning er at arbeidsmiljøet og trivselen på arbeidsplassen er god.

Selskapet påverkar etter styret sin kjennskap ikkje det ytre miljø.

Det er ikkje sett i verk eller planlagt sett i verk tiltak for å fremme likestilling eller for å hindre forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling mellom kjønna.

Det er ikkje gjennomført spesielle forskings- og utviklingsaktivitetar.

Styret kjenner ikkje til forhold av viktighet for å bedømme selskapets stilling og resultat som ikkje går fram av resultatregnskapet og balanse med noter. Det er heller ikkje etter regnskapsårets utgang kome fram forhold som etter styret sitt syn har betydning for vurdering av regnskapet.

Voss, den 16. april 2018

  
Stein Kvarqvål  
Styreleiar

  
Arne Nordbø  
Styremedlem

  
Hilde Marie Magnusson  
Styremedlem

  
Svanhild Tufteland Tvilde  
Styremedlem


  
Nils T. Bjørke  
Styremedlem

  
Turid Kvamsdal Midthun  
Dagleg leiar

## ARBEID OG INKLUDERING I PRAKSIS

Vårt hovudmål er å formidla arbeidstakarar til ordinært arbeidsliv. Kveik har ein variert produksjon, som omfattar ei tre- og monteringsavdeling samt reinhalds- og vaktmeistertjenester. Me har eit nært og godt

samarbeid med næringslivet der våre arbeidssøkjjarar får praksis i ordinære verksemder.



### **Jobbfrukt**

Me tilbyr jobbfrukt til alle verksemder i vossa-området!



Kveik leverer jobbfrukt alle vekedagar og korgene kan bestillast i 3 eller 5 kg. Sjå våre heimesider [www.kveikarbeidsliv.no](http://www.kveikarbeidsliv.no) for meir informasjon.

### **AFT**

I juli 2017 var tiltaket APS (Arbeidspraksis i skjerma verksemd) konvertert til AFT (arbeidsførebuande trening). I dette tiltaket legg ein til rette for at deltakarane får moglegheit til å prøve ut si arbeidsevne og til å styrke moglegheitene for ordinært arbeid. Kveik har 23 plasser og målsetnad for tiltaket er 50 % overgang til arbeid eller utdanning, og dette målet nådde me ved årsslutt.

## VTA

Varig tilrettelagt arbeid (VTA) skal tilby personar arbeid i skjerma verksemd, med arbeidsoppgåver som er tilpassa den enkelte si yteevne. Arbeidet skal bidra til å utvikle ressursar hjå deltakarane gjennom kvalifisering og tilrettelagte arbeidsoppgåver. Kveik AS har 26 VTA plasser.

## Grønt arbeid



Kveik AS er tiltaksarrangør for 5 tiltaksplassar ved Eide gard i Tørvikbygd. Målet er å gje den enkelte deltakar ein god moglegheit til å komme ut i arbeid eller aktivitet, samt bidra til helsemessig betring og auka livskvalitet. Målgruppa er personar med psykiske og/eller rusrelaterte helseproblem.

## Flyktningprosjektet

I samarbeid med flyktingtenesta i Voss kommune har Kveik gjennomført 2 kurs for 8 -10 deltakarar deltar på introduksjonsprogrammet i Voss kommune. Kvart kurs har vart i 8 veker med fokus på arbeidslivskompetanse og språktrening.



## OK AMB

I samarbeid med opplæringskontoret OK AMB er Kveik opplæringsbedrift for både interne og eksterne lærekandidatar. Vårt konsept er å tilby opplæring for både lærlingar og lærekandidatar, som har behov for eit tilrettelagt læreløp.

## «Ringer i vannet»

Arbeids og inkluderingsverksemdene i landet har saman med NHO etablert prosjektet «ringer i vannet». Kveik er med i dette samarbeidet i Hordaland. Målet er at dei som står utanfor arbeidslivet skal verta tilsett i NHO-verksemdar. På vegen mot fast tilsetjing er arbeidstrening og korttidstilsetjing naturlege steg, med tett oppfølging frå vår jobbkonsulent.



## Samarbeid

Me er samarbeidspart med arbeids og inkluderingsverksemda A2G i Bergen, der me leverer tenester for fire ulike arbeidsretta tiltak – avklaring, oppfølging sjukemeldte, ARR (arbeidsretta rehabilitering) og oppfølging innvandrarar med behov for utvida bistand. Les meir på [www.a2gkompetanse.no](http://www.a2gkompetanse.no)



## BRUKARUNDERSØKING

Kvart år gjennomfører Kveik ein brukarundersøking for deltakarar og samarbeidspartar. Me er opptatt av å levere gode tenester og evaluerer kvaliteten gjennom brukarundersøkinga. Resultata dannar grunnlag for gjennomgang og evaluering i personalgruppa der me har fokus på kontinuerleg forbetring.

## EQUASS


Kveik er Equass sertifisert. Equass er eit europeisk system for kvalitetssikring for velferdstenester med ekstern revisjon og sertifisering. Sertifiseringa er for 3 år om gongen, men årleg rapportering om forbetring.



## KOMPETANSEUTVIKLING

Kveik AS har fokus på personleg vekst, kontinuerleg læring og utvikling blant alle tilsette og deltakarar. Det har vore gjennomført både eksterne og interne kurs, for å kunne møte dei krav og forventningar som marknaden har til oss.

I 2017 har tilsette delteke på kurs i blant anna Motiverande intervju. Vi leigde då inn Stian



Midtgård som er arbeidspsykolog, og inviterte inn fagpersonar frå heile Hordaland.

Kveik har arrangert fyrstehjelpskurs for tilsette og deltakarar. Bedrifthelse1 hjalp oss med opplæringa.

Me har hatt hjartestartarkurs saman med naboverksemder i regi av Røde Kors.


Kveik har gjennomført kompetanseheving i leiargruppa, med mål om å skape ei solid og berekraftig plattform for organisasjonen.




## KVEIK SIN VEG FRÅ CATERING TIL KAFÈ OG SELSKAPSLOKALE

Då Kveik skulle flytte ut av Lekvemoen for å samlokalisere på Bryn, stod me med eit vegskilje. Kva skulle me gjere med catering og kjøkkendrifta vår? Å bygge heilt nytt kjøkken var ikkje aktuelt, men me ynskte å behalde produksjon av mat i verksemda.

På bakgrunn av dette, gjekk me tidleg i dialog med eigarane av Sentrum Treff 46, om eit mogleg samarbeide.



Kveik ynskte å bruke lokala som ein arbeidstreningsarena for kvalifisering til ordinært arbeid innan kjøkkendrift, sal og service.



Med eit nøkternt budsjett og stor eigeninnsats, har me klart å rehabilitere lokala og fått ein annleis, lun og flott kafé. Me har hatt eksternt hjelp til å utforme sjølve kafeen, mens me valde å behalda selskapslokala slik dei var.

Kveik har no 3 årsverk fordelt på 4 stillingar, samt treningsarena for om lag 8 deltakarar dagleg. Det er dagleg levering av catering og middag til våre kundar. Me har minnestunder etter gravferd og annan møteverksemd, og sal i kafé. Kveik kafé har ope 5 dagar i veka.

Kveik er stolt av å ha fått kafeen som ein arbeidstreningsarena under ordinære forhold som gjer oss konkurransedyktig i eit spennande miljø.

## PERSONELL OG ADMINISTRASJON



Turid K. Midthun – *dagleg leiar*  
Linda K. Seim – *adm / jobbkonsulent*  
Lena Gjernes – *fagansvarleg*  
Svanhild T. Tvilde – *avdelingsleiar AFT*  
Elisabeth Prestegård – *jobbkonsulent*  
Jill Garen – *jobbkonsulent (timebasert)*  
Mari Skjervheim – *arbeidsleiar*  
Brita D. Bjørke – *arbeidsleiar*  
Anders Bolstad – *arbeidsleiar*  
Sjur Skeie Petersen – *jobbkonsulent*

Kjetil Vestli – *avdelingsleiar VTA*  
Heidi Hisdal – *arbeidsleiar*  
Egil Mæland – *arbeidsleiar*  
Nina S. Horvei – *kjøkkenmedarbeidar*  
Nina J. Bakketun – *avdelingsleiar kafé*  
Gullbjørg R. Johnsen – *arbeidsleiar*  
Hege Lydvo – *jobbkonsulent*  
Lars Norevik – *arbeidsleiar*  
Siv S. Lund – *arbeidsleiar*  
Oddvar Nestås – *arbeidsleiar*

Ole J. Opkvitne – *jobbkonsulent (slutta juni'17)*  
Olav Haugo – *arbeidsleiar (slutta juni'17)*



## Årsregnskap for 2017

**KVEIK AS**

Org.nr. 925 876 453

### Innhold

Årsberetning  
 Resultatregnskap  
 Balanse  
 Noter

Revisjonsberetning

Utarbeidet av Azets Insight AS



## Resultatregnskap for 2017 KVEIK AS

	Note	2017	2016
Salgsinntekt		6 849 379	7 168 269
Annen driftsinntekt		13 183 023	12 169 428
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>20 032 402</b>	<b>19 337 697</b>
Varekostnad		(2 023 044)	(1 684 027)
Lønnskostnad	1, 2, 3	(12 723 951)	(12 226 217)
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle eiendeler	5	(469 201)	(401 952)
Nedskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	5	(34 345)	0
Annen driftskostnad	4	(4 108 378)	(3 132 750)
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>(19 358 919)</b>	<b>(17 444 946)</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>673 483</b>	<b>1 892 751</b>
Annen renteinntekt		65 487	69 367
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>65 487</b>	<b>69 367</b>
Annen rentekostnad		(269 187)	(272 892)
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>(269 187)</b>	<b>(272 892)</b>
<b>Netto finans</b>		<b>(203 700)</b>	<b>(203 525)</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>469 783</b>	<b>1 689 226</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>469 783</b>	<b>1 689 226</b>
Skattekostnad på ekstraordinært resultat	8	(22 531)	(43 611)
<b>Årsresultat</b>		<b>447 252</b>	<b>1 645 615</b>
<b>Overføringer</b>			
Annen egenkapital		447 252	1 645 615
<b>Sum</b>		<b>447 252</b>	<b>1 645 615</b>

**Balanse pr. 31. desember 2017**  
**KVEIK AS**

	Note	2017	2016
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	5	15 598 419	12 660 042
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	5	39 936	133 307
<b>Sum varige driftsmidler</b>	5, 13	<b>15 638 355</b>	<b>12 793 349</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		9 477	9 477
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>9 477</b>	<b>9 477</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>15 647 832</b>	<b>12 802 826</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
Varer	13	101 858	216 649
<b>Sum varer</b>		<b>101 858</b>	<b>216 649</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	7, 13	1 149 414	1 950 314
Andre fordringer		1 295 747	1 376 873
<b>Sum fordringer</b>		<b>2 445 161</b>	<b>3 327 187</b>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	6	5 025 821	5 593 573
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<b>5 025 821</b>	<b>5 593 573</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>7 572 840</b>	<b>9 137 409</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>23 220 671</b>	<b>21 940 235</b>

**Balanse pr. 31. desember 2017**  
**KVEIK AS**

	Note	2017	2016
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital (2 785 aksjer à kr 1 000,00)	10, 11, 12	2 785 000	2 785 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>2 785 000</b>	<b>2 785 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	10	9 875 384	9 428 132
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>9 875 384</b>	<b>9 428 132</b>
<b>Sum egenkapital</b>	10	<b>12 660 384</b>	<b>12 213 132</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Utsatt skatt	9	0	10 520
<b>Sum avsetning for forpliktelser</b>		<b>0</b>	<b>10 520</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	13	7 280 426	6 190 033
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>7 280 426</b>	<b>6 190 033</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>7 280 426</b>	<b>6 200 553</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 192 269	1 100 484
Betalbar skatt	8	33 051	73 073
Skyldige offentlige avgifter		682 052	1 013 229
Annen kortsiktig gjeld		1 372 489	1 339 765
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>3 279 861</b>	<b>3 526 551</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>10 560 288</b>	<b>9 727 104</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>23 220 671</b>	<b>21 940 236</b>

Voss, den 16. april 2018


  
Stein Kvaråkvål  
Styreleder

  
Arne Nordbø  
Styremedlem

  
Hilde Marie Magnússon  
Styremedlem

  
Svanhild Tufeland Tvilde  
Styremedlem

  
Nils T. Bjørke  
Styremedlem

  
Turid Kvamsdal Midthun  
Dagleg leder



## Noter 2017 KVEIK AS

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapskikk for små foretak.

### Salgsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som knytter seg til varekretsløpet. For andre poster enn kundefordringer omfattes poster som forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter transaksjonsdagen.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

### Varebeholdninger

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO- prinsippet og virkelig verdi. Egentilvirkede ferdigvarer og varer under tilvirkning er vurdert til variabel tilvirkningskost. Det foretas nedskrivning for påregnelig ukurans.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

### Skatt

Selskapet er skattepliktig kun for utleievirksomhet, som opphørte pr. 30.06.2017. Utsatt skattefordel bokføres ikke.

### Note 1 - Lønnskostnader etc

Spesifikasjon av lønnskostnader	2017	2016
Lønn	10 245 380	9 883 943
Arbeidsgiveravgift	1 524 370	1 513 086
Pensjonskostnader	545 308	467 538
Andre relaterte ytelser / Refusjoner	408 893	361 651
<b>Sum</b>	<b>12 723 951</b>	<b>12 226 217</b>

Foretaket har sysselsatt 21 årsverk i regnskapsåret.

### Note 2 - Obligatorisk tjenestepensjon

#### Obligatorisk tjenestepensjon

Foretaket er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon, og har etablert pensjonsordning som tilfredstiller kravene i loven.

### Note 3 - Ytelse til ledende personer

#### Ytelse til ledende personer

Type ytelse	Daglig leder	Styret
Lønn	709 096	
Pensjonsutgifter	14 182	
Annen godtgjørelse	12 774	180 000

### Note 4 - Revisjonshonorar

#### Revisjon og andre tjenester

Kostnadsført revisjonshonorar for 2017 utgjør kr 40 200.

### Note 5 - Spesifikasjon av varige driftsmidler

#### Spesifikasjon varige driftsmidler

	Varige driftsmidler	Sum
Anskaffelseskost 01.01.2017	17 365 932	17 365 932
Tilgang i året	3 385 885	3 385 885
Avgang i året	(82 602)	(82 602)
<b>Anskaffelseskost 31.12.2017</b>	<b>20 669 215</b>	<b>20 669 215</b>
Akk. av- og nedskr. 01.01.2017	(4 695 401)	(4 695 401)
Akkumulerte avskr. 31.12.2017	(4 996 515)	(4 996 515)
Akkumulerte nedskr. 31.12.2017	(34 345)	(34 345)
<b>Balanseført verdi pr. 31.12.2017</b>	<b>15 638 355</b>	<b>15 638 355</b>
Årets avskrivninger	(469 220)	(469 220)
Årets nedskrivninger	(34 345)	(34 345)
Økonomisk levetid	0 - 50 år	
<b>Avskrivningsplan: Lineær</b>	<b>0 - 20 %</b>	

### Note 6 - Bankinnskudd

I posten for bankinnskudd inngår egen konto for bundne skattetreksmidler med kr 436 769. Skyldig skattetrekk er kr 431 211.

### Note 7 - Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til pålydende, nedskrevet med forventet tap på fordringer.

Spesifikasjon kundefordringer	2017	2016
Kundefordringer til pålydende	1 174 414	1 965 314
Avsatt til dekning av usikre fordringer	(25 000)	(15 000)
<b>Netto oppførte kundefordringer</b>	<b>1 149 414</b>	<b>1 950 314</b>

#### Note 8 - Skatt

Grunnlag for beregning av skatt	2017	2016
Ordinært resultat før skattekostnad	469 782	1 689 226
+/- Permanente forskjeller	(393 597)	(1 513 025)
+/- Årets endring i midlertidige forskjeller	61 530	116 091
<b>Årets skattegrunnlag</b>	<b>137 715</b>	<b>292 292</b>
<b>Skattekostnad i resultatregnskapet</b>	<b>22 531</b>	<b>43 611</b>
Herav skattekostnad henført til ekstraordinært	(22 531)	(43 611)
<b>Betalbar skatt i balansen</b>	<b>33 051</b>	<b>73 073</b>

#### Note 9 - Midl, forskjeller - Utsatt skatt/skattefordel

Utsatt skatt/utsatt skattefordel i balansen avsettes på grunnlag av forskjeller mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier i henhold til norsk regnskapsstandard for skatt. Midlertidige skatteøkende og skattereduserende forskjeller som kan utlignes er nettoført.

Midlertidige forskjeller knyttet til:	01.01.2017	31.12.2017	Endring
Anleggsmidler	43 836	0	43 836
Sum midlertidige forskjeller	10 520	0	10 520
<b>Utsatt skatt 31.12.17, basert på 23%</b>	<b>10 520</b>	<b>0</b>	<b>10 520</b>

#### Note 10 - Egenkapital

Spesifikasjon egenkapital	Aksjekapital	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01.2017	2 785 000	9 428 132	12 213 132
Årets resultat		447 252	447 252
<b>Egenkapital 31.12.2017</b>	<b>2 785 000</b>	<b>9 875 384</b>	<b>12 660 384</b>

#### Note 11 - Aksjonærer

##### Foretakets aksjonærer pr 31.12. 2017

Foretaket har 14 aksjonærer. Nedenfor vises de 10 største aksjonærene.

Aksjonærens navn	Antall aksjer	Eierandel
Voss Kommune	1 967	70,63%
Hordaland Fylkeskommune	650	23,34%
Voss Møbel og Trevarverkstad AS	56	2,01%
Voss Prenteverk Grafiske Tenester AS	23	0,83%
Granvin Herad	22	0,79%
Ulvik Kommune	20	0,72%
Coop Eiendom Vest AS	10	0,36%
Nordea Bank AB (Publ) Filial i Norge	10	0,36%
Voss Fagforening avd 34	10	0,36%
Voss Sparebank	5	0,18%
Andre	12	0,43%
<b>Sum</b>	<b>2 785</b>	<b>100,00%</b>

#### Note 12 - Aksjekapital

Foretaket har 2 785 aksjer, pålydende kr 1 000 , noe som gir en samlet aksjekapital på kr 2 785 000.

Det er kun en aksjeklasse i foretaket.

Antall aksjer	Aksjekapital
2 785	2 785 000

#### Note 13 - Pantstillelser og garantier

##### Pantstillelser og garantier

Spesifikasjon	2017	2016
Obligasjonslån		
Gjeld til kredittinstitusjoner	7 280 426	6 190 033
Øvrig langsiktig gjeld (inkl. finansiell leasing)		
<b>Sum</b>	<b>7 280 426</b>	<b>6 190 033</b>
Anleggsmidler	15 638 355	12 793 349
Kundefordringer	1 149 414	1 950 314
Varelager	101 857	216 649
<b>Sum</b>	<b>16 889 626</b>	<b>14 960 312</b>

Av langsiktig gjeld på kr 7 280 426 forfaller kr 5 064 746 om mer enn 5 år



#### RSM Norge AS

Strandavegen 11, 5705 Voss  
Pb. 136, 5701 Voss  
Org.nr: 982 316 588 MVA

T +47 56 52 04 00  
F +47 56 52 04 01

www.rsmnorge.no

Til generalforsamlinga i KVEIK AS

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Me har revidert KVEIK AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr. 447 252. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagte årsrekneskapen utarbeidd i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017 og av resultatet for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsprinsipp i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter i samsvar med desse standardane er skildra i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Me er uavhengige av selskapet slik det er pålagt i lov og forskrift, og har utøvd våre andre etiske forpliktingar i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### Anna informasjon

Leinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon gjeld årsmelding, men gjeld ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje anna informasjon, og me attesterer ikkje anna informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lesa anna informasjon med det føremål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap me har opparbeida oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom me konkluderer med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er me pålagt å rapportera det. Me har ingenting å rapportera i denne samanheng.

THE POWER OF BEING UNDERSTOOD  
AUDIT | TAX | CONSULTING

Medlem av Den Norske Revisorforening.

RSM Norge AS is a member of the RSM network and trades as RSM. RSM is the trading name used by the members of the RSM network. Each member of the RSM network is an independent accounting and consulting firm which practices in its own right. The RSM network is not itself a separate legal entity in any jurisdiction.



#### Revisjonsmelding 2017 KVEIK AS

##### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leinga) er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at den gjev eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsprinsipp i Noreg. Leinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leinga ta standpunkt til selskapet si evne til framleis drift og opplysa om tilhøve som har innverknad for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verta avvika.

##### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Rimeleg grad av tryggleik er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekka vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som fylgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon vert vurdert som vesentleg dersom den enkeltvis eller samla med rimelig grad kan forventast å påverka økonomiske avgjerder som brukarane føretek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna ISA-ane, utøver me profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- skal me identifisera og vurdere risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller utilsikta feil. Me utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtera slike risikoar, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som fylgje av mislig framferd ikkje vert avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan misleg framferd kan vera samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, urette framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- skal me opparbeida vi oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforma revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- skal me evaluera om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er hensiktsmessige og om dei rekneskapsestimata som er nytta og tilhøyrande noteopplysningar utarbeidd av leinga er rimelege.
- skal me konkludera på hensiktsmessigheita av leinga si bruk av framleis drift-føresetnaden ved utarbeidinga av rekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape vesentleg tvil om selskapet si evne til framleis drift. Dersom me konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, vert det kravd at me i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i rekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at me modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen. Våre konklusjonar er basert på dei revisjonsbevis som er innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfylgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føra til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- skal me evaluera vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet, medrekna tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Me har kontakt med styret mellom anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Me utvekslar også informasjon om vesentlege tilhøve som me har avdekka under revisjonen, medrekna om eventuelle vesentlege svakheiter i den interne kontrollen.



Revisjonsmelding 2017 KVEIK AS

#### Uttale om andre lovmessige krav

##### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapen som skildra ovanfor, og dei kontrollhandlinga me har funne naudsynt i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leinga har oppfylt si plikt til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Voss, 16.04.2018  
RSM Norge AS

Åse Steen – Olsen  
Statsautorisert revisor



#### Besøksadresse

Brynaskogen 2 / Brynalii 119

#### Tlf

56520860

#### Heimeside

[www.kveikarbeidsliv.no](http://www.kveikarbeidsliv.no)

#### Geografisk område

Voss, Granvin, Ulvik, Vaksdal, Ullensvang, Eidfjord og Kvam

#### Postadresse

Postboks 18, 5705 Voss

#### Epost

[post@kveikarbeidsliv.no](mailto:post@kveikarbeidsliv.no)

#### Facebook

Kveik / Kveik kafe